

Sak til kommunane i prosjektet Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark

-endringsprosessar, styring og eigarskap

Dato: 29. august 2017

Skriven av
Ole Dalen, Vest-Telemarkrådet

Innhold

Innhold	2
Oppsummering.....	3
Status. 29. august 2017 – aktivitet etter møtet 23. mai 2017:.....	4
Grunnlag for kommunal sakshandsaming	4
1 – IKT	4
2 – Økonomi – løn – skatt – rekneskap – innkjøp	5
3 - Landbruk – utmark – jord – skog – miljø.....	5
4 – Næring – Reiseliv	5
5 - Kompetansebygging på kraftsaker.....	5
Prosjektet.....	5
Dei fem målområda	6
Prosjektperiode.....	7
Organisering	7
Prosesskart	8
Tiltak.....	9
Tiltak 1 - IKT	10
Tiltak 2 – Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp	14
Tiltak 3 - Landbruk – utmark – jord – skog - miljø	18
Tiltak 4 - Næring - reiseliv.....	21
Tiltak 5 - Kompetansebygging på kraftsaker	24
Involvering, informasjon og kvalitetssikring	27
Eksisterande samarbeid og selskap	28
Rapportane	32

Oppsummering

Dette dokumentet tar for seg kvart av dei fem prioriterte tiltaka med fagleg tilråding i rapportane, frå arbeidsgruppene, lokaliseringutvalet og styringsgruppa. Dokumentet er grunnlag for sak til kommunestyret om vidare arbeid etter politisk bestilling. Som grunnlag ligg også oversikt over dei eksisterande samarbeida med lokalisering av desse. Status i arbeidet kan oppsummerast slik:

1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke

Aktuell lokalisering:	Vinje, Tokke eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§ 27 hovudkontorkommune eller §28-1b
Arbeidsplassar:	7,1 årsverk, desentralisert med felles leing
Fagområde:	IKT drift for Vinje, Tokke og Kviteseid.
Lokaliseringutvalets tilråding i møte 23. mai:	Lokalisering av felles IKT drift for Kviteseid, Tokke og Vinje bør leggest til Tokke kommune. Rådmannsutvalet får fullmakt til å legge fram forslag til organisering av etablering av digitaliseringsstyre. Dette kan finansierast av Skjønnsmidlar i 2018, organisert gjennom VTR.

2. Økonomi løn – skatt – rekneskap

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	25 ulike "kombinasjonsstillingar"
Fagområde:	Skatt/innkrevjing og løn. Rapporten tilrår også felles teneste på rekneskap.
Lokaliseringutvalets tilråding i møte 23. mai:	Nissedal, Kviteseid og Fyresdal vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid på alle område.

3. Landbruk – utmark – jord – skog – miljø

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing, eller dagens samarbeid
Arbeidsplassar:	10 stillingar fordelt på 9,3 årsverk
Fagområde:	Jord, skog, utmark, miljø og klima, kommunal jord og skog
Lokaliseringutvalets tilråding i møte 23. mai:	(Fyresdal) Nissedal og Kviteseid vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid.

4. Næring – reiseliv

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	Ingen tilråding.
Arbeidsplassar:	-
Fagområde:	Opprette ein felles ressurs i Vest-Telemark* med spesifikk kompetanse knytt til tilskotsmoglegheiter, støtteordningar, søknadsbistand, tilbods konkurransar til det offentlege osv.
Lokaliseringutvalets tilråding i møte 23. mai:	Ein stor opp om innstillinga frå arbeidsgruppa. Vest-Telemarkrådet gjev ei oppmoding til styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS om å ta opp organiseringa av Vest-Telemark Næringsutvikling AS i tråd med tilrådinga i rapporten frå EY.


* Vinje kommune bør inviteres til å delta på like premisser som de øvrige Vest-Telemarkkommunene

5. Kompetansebygging på kraftsaker

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	Førebuast i eige forprosjekt, PA John Kleiv
Arbeidsplassar:	-
Fagområde:	Kompetansemiljø på kraftsaker
Lokaliseringutvalets tilråding i møte 23. mai:	Rådmann i Tokke kommune, John Kleiv er peika ut som PA for å gjennomføre eit forprosjekt, og driv prosessen vidare.

Status. 29. august 2017 – aktivitet etter møtet 23. mai 2017:

Grunnlag for kommunal sakshandsaming



Møte i lokaliseringsutvalet vart gjennomført på Tuftin Fjellgard 23. mai. Opprinneleg var det planlagt møte i styringsgruppa påfølgande dag, men dette vart avlyst.

Styringsgruppa vurderer det slik at arbeidet med rapportane, arbeidsgruppene og lokaliseringsutvalet sendast som grunnlag til kommunane, der kvar av rådmennene skriv eiga sak til kommunestyret om vidare arbeid etter politisk bestilling.

1 – IKT

Lokalisering vart ein einige om på møtet i Rauland (lokaliseringsutvalet), og det skulle vere Tokke. Dei tilsette var ikkje klar over dette og ytra i eit møte i Vinje, ynskje om å lokalisere dette i Vinje. Etter deira møte er det oppretta dialog og ein skal no ha møte om vidare arbeid og også diskutere plassering.

Kommentar frå HTV og HVO i prosjektet

I epost frå og hovudtillitsvald (HTV) og Hovudverneombod (HVO) 29. august kom det kommentar til lokaliseringsutvalet særleg knytt til IKT. Kommentaren er gjengjeven under:

IKT og lokalisering.

Ved rørende møte i lokalisering utvalet si tilråding i møte 23 mai 2017.

I etterkant av møte som var Rauland på Tuftin, har det kome for dagen moment som var ukjent for HTV og HVO. Alle tilsette i IKT i Vinje Tokke, og Kviteseid som har vore involverte på ein eller annan måte, har vore einige om at Vinje skulle vera lokaliseringsplass for IKT.

Sjølvsagt må HTV og HVO stø opp om dei tilsette sine meiningar, det er noko av vår jobb. Kvifor dette ikkje er fanga opp og lagt fram i arbeidet til arbeidsgruppa for IKT, kan vitne om at prosessen ikkje har vore god nok. Me og må taka sjølvkritikk på det, etter retninga har ikkje vore god nok og er såleis ein lærepenge.

IKT lokalisering tilråding: HTV og HVO støttar dei tilsette om lokalisering av IKT til Vinje.

Me er og av den oppfatning at det ikkje er nødvendig med styringsgruppemøte. Men brevet her må fylgje saka vidare.

*Mvh
HTV*

Ingerid Felle Sandåker

HVO

Svein Ekre

2 – Økonomi – løn – skatt – rekneskap – innkjøp

Etter møte i Lokaliseringsutvalet 23. mai, var det møte mellom ordførerane og rådmennene i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid der dei forhandla fram forslag til vidare samarbeid knytt til tenester på økonomi, løn, skatt og rekneskap. Forslaget til avtale med fordeling av arbeidsoppgåver var slik: Kviteseid skal ha landbruk, Nissedal skal ha plan, oppmåling og byggesak og Fyresdal skal ha økonomi.

15. juni 2017 var dette sak i Fyresdal kommune der dei gjorde fylgjande vedtak: Fyresdal Arbeiderparti ynskjer ikkje at ein skal gå vidare med planer om interkommunalt samarbeid med Kviteseid og Nissedal basera på framforhandla avtale. Grunngevinga for dette er at publikumsretta tenester blir flytta vekk frå der kor folk bur og at det sterke fagmiljøet vi er i ferd med å bygge opp i næringshagen vil bli svekka. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette framlegget.

16. juni 2017 var det sak i Rådmannsutvalet knytt til mogleg etablering av nytt felles innkjøpssamarbeid med Midt-Telemark. Her vart rådmennene samde i at Jan Myrekrok (rådmann i Vinje kommune), fygjer opp kontakten med Midt-Telemark som gjev grunnlag til sak til kommunane i Vest-Telemark.

3 - Landbruk – utmark – jord – skog – miljø

Det er ikkje gjennomført samtalar mellom Kviteseid og Nissedal når denne rapporten sendast til kommunane.

4 – Næring – Reiseliv

1. juni 2017 sendte styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS ut brev der dei ber om dialog om kva rolle kommunane ynskjer VTNU (Vest-Telemark Næringsutvikling AS) og VTN skal ha framover. Det vart mellom anna vist til innhaldet i rapporten frå EY.

13. juni 2017 hadde Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) ordinær generalforsamling, der eigarane av VTN gav styret anmodning om å tilrettelegge for ein fusjon mellom VTNU og VTN gjeldande frå 31.12.2017.

22. august 2017 var styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) på rådsmøtet og la fram korleis ein ser for seg drift og aktivitet i VTN etter ein eventuell fusjon. I møtet gav Vest-Telemarkrådet fylgjande signal til styret:

- *Vest-Telemark Næringsutvikling vert fusjonert inn i Vest-Telemark Næringsbygg.*
- *Vest-Telemark Næringsbygg skal vera regionalt investeringssselskap med prioritet på næringshagar, nye næringsbygg, bustadutvikling og forvaltning av bygg.*
- *Næringsutviklinga skal skje gjennom det etablerte samarbeidet i Vest-Telemarkrådet og i samarbeid med dei næringsansvarlege i kommunane.*

5 - Kompetansebygging på kraftsaker

10. august 2017

Prosjektansvarleg (PA) John Kleiv (rådmann i Tokke kommune) melder at arbeidet med å etablere eit samarbeid har utvikla seg til å kunne omfatte Tinn, Hjartdal og Odda i tillegg til Vest-Telemarkkommunane. Det vert jobba med kompetansekartlegging i kommunane, og det er planlagt møte medio september.

Prosjektet

Bakgrunn

I 2015 og 2016 gjennomførte kommunane i Vest-Telemark eit forprosjekt knytt til kommunereformen. Arbeidet blei gjennomført i regi av Vest-Telemarkrådet, med Telemarksforskning som ekstern utgreiar og prosessrettleiar.

Forprosjektet hadde fokus på utgreiing av fordelar og ulemper ved gitte endringar i kommunestrukturen i regionen, herunder arbeide fram intensjonsavtaler som grunnlag for innbyggjarhøyring og seinare politisk handsaming. I tillegg omfatta forprosjektet drøfting av fordelar og ulemper ved ei vidareføring av dagens kommunestruktur med forplikting om meir interkommunalt samarbeid og hadde arbeidsgrupper samansett av fagleiing, hovudverneombod og hovudtillitsvald frå alle kommunane. Meir informasjon om forprosjektet er å finne på nettsida: www.kommunestrukturivesttelemark.no.

Resultatet av dette arbeidet aktualiserte eit vidare arbeid spesifikt på interkommunalt samarbeid i regionen, og styringsgruppa bestående av dei seks rådmennene, Hovudtillitsvald og Hovudvernombod utarbeidde prosjektmandat og laga grunnlag for det vidare arbeidet. Fylkesmannen løyvde 1 mill kr til arbeidet gjennom skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjektet i 2016 og ytterlegare styrking med 1/2 mill kr i 2017.

Målsetting

Det er ein klar intensjon at prosjektet skal munne ut i konkrete etableringar av nye, formelle interkommunale samarbeidstiltak blant kommunane i Vest-Telemark.

Dei fem målområda

Fem målområde er del av dei definerte rammene i arbeidet: økonomi, demokrati, samfunnsutvikling, myndighetsutøving og tenester.

Det er valdt fem tiltak innan desse målområda som er prioritert i dette prosjektet:


1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke
2. Økonomi løn – skatt - rekneskap
3. Landbruk – utmark – jord – skog - miljø
4. Næring - reiseliv
5. Kompetansebygging på kraftsaker

Prosjektperiode

Start: 18. april 2016

Slutt: 31.12.2017

Organisering



Prosjekteigarar:	Kommunane i Vest-Telemark
Styringsgruppe:	Rådmannsutvalet, ein representant for HTV og ein representant for HVO
PA ¹ :	Ketil Kiland, rådmann i Fyresdal kommune
PL ² :	Kjell Gunnar Heggnes, regionrådsleiar
Referansegruppe:	Hovudtillitsvald og hovudverneombod frå kvar kommune. PA og PL har dialog med referansegruppa i prosessen.
Arbeidsgrupper:	Representantar settast ned av kommunane i kvart vedtekne område. Styringsgruppa peiker ut leiar av gruppa.
Lokaliseringsutval:	Ordførarane og rådmennene i kommunane + HTV og HVO. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.
Eksterne ressursar ³ :	Praktisk framdriftsbistand og aktuelle utgreiingsarbeid.

¹ PA = Prosjektansvarleg

² PL = Prosjektleiar

³ Leverandørar; Telemarksforsking, EY og TDAK AS

Prosesskart

Proessen

Under er prosessen og framdrifta for arbeidet illustrert i korte trekk. Status i saka per dato er markert med grå rektangel:



Tiltak

Prioriterte tiltak

Møte i styringsgruppa 21. oktober sette følgjande prioritering:

1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke
2. Økonomi løn – skatt - rekneskap
3. Landbruk – utmark – jord – skog - miljø
4. Næring - reiseliv
5. Kompetansebygging på kraftsaker

Politiske vedtak

Styringsgruppa har fastsett deltakinga i dei prioriterte tiltaka i tråd med matrisa under.

Politiske vedtak

Stadfesta i styringsgruppa 16.12.2016

Kommune	IKT	Økonomi	Landbruk	Næring	Kraftsak-komp.
Fyresdal	X	X	X	X	X
Kviteseid	X	X	X	X	X
Nissedal	X	X	X	X	X
Seljord	X	X	X	X	X
Tokke	X	X	X	X	X
Vinje	X		X		



Tiltak 1 - IKT

Bakgrunn

Kviteseid, Vinje og Tokke kommunar har starta eit arbeid knytt til etablering av eit nytt interkommunalt samarbeid innan IKT. Tiltaket i planen stør opp om dette arbeidet, og skal kartlegge om ein eller fleire av dei andre kommunane i regionen er interessert i å delta på sikt.

Konkret er det naturleg å greie ut deltaking for dei 3 Vest-Telemarkkommunane Nissdal, Fyresdal og Seljord.

Arbeidet er knytt til fylgjande tema:

- A. Modell for etablering av samarbeid i Vinje, Tokke og Kviteseid
- B. Mogleg inngangspunkt, konsekvensar, fordelar og ulemper for Seljord, Nissdal og Fyresdal ved å tiltre dette samarbeidet.

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Rapporten

Rapporten er skriven av Torbjørn Dybdahl, tidlegare prosjektleiar og direktør for etablering av kommunesamarbeidet Det Digitale Vestre Agder (DDV). Samarbeidet DDV vart oppretta i januar 2015, og er eit interkommunalt IKT-samarbeid eigd av ni kommuner i Vestre Agder; Flekkefjord, Farsund, Kvinesdal, Hægebostad, Mandal, Lindesnes, Marnardal, Audnedal og Åseral.


Konsulenten konkluderer slik:

1. Kommunane i Vest Telemark bør samarbeide om drift gjennom eitt driftsmiljø, med ein overgangsfase på ca. to år.
2. 3Kom kommunane bør involverast i oppstart og styring av driftsselskapet.
3. Kommunane i Vest Telemark bør samarbeide om digitalisering, føresett at dei kan samarbeide om drift.
4. Både drifts-selskapet og digitaliseringsselskapet bør organiserast etter §27⁴.
5. IKT-driftsselskapet må styrast av samansett kompetanse, inkludera IKT- og drifts-kompetanse, overordna leing (rådmannsnivå) og digitaliseringskompetanse.
6. Digitaliseringsselskapet må styrast av samansett kompetanse inkludera administrativt leiarnivå (rådmenn), fagkompetanse, kompetanse på IKT og forretningsarkitektur samt digitaliseringskompetanse.
7. Politisk og administrativ topp-leiing har ansvar for digitalisering som ein av sine viktigaste oppgåver.

⁴ §28-selskap har ein del utfordringar og er ikkje rekna som en aktuell eller reell modell i dag. Det er fortsatt ca. 14 slike samarbeid i dag, då gjerne der det er ein bykommune med mange småkommunar rundt. Eksempelvis Orkidé rundt Kristiansund, ikkje utan utfordringar.

A - Modell for etablering av samarbeid i Vinje, Tokke og Kviteid

Samarbeid om IKT Drift




Modell for organisasjon er illustrert under. Dette vil ligne 3kom kommunane sin outsourcing til Aspitt i Seljord.

Økonomien

Totalt sett vil det være langt meire omfattande og kostbart å ha to drifts-modellar i regionen, og dette vanskeleggjer også digitalisering. Rapporten tilrår på det sterkaste å jobbe for ein driftsorganisasjon, men at ein gjennomfører overgangen over ei periode på ca. to år, altså frå 2019.

Samarbeid om Digitalisering



Om ein ynskjer å modernisere og digitalisere må det som er installert på dei to driftsmiljøa endrast.

Digitalisering bør skje under eiga organisering i eit selskap som rapporten omtaler som «DigIvest».

B - Mogleg inngangspunkt, konsekvensar, fordeler og ulemper for 3Kom

Kommunane vert rådd til å arbeide saman under motto: "Samen er ein sterkare." Det er åpenbare fordelar ved å gå sammen om IKT drift, også fordi det ein driftar er basis for digitaliseringa. I prinsippet er det slik at alt som driftast, må endrast. Ein må imidlertid innsjå at drift og IKT ikkje bør eller kan leie arbeidet med digitaliseringa. Digitalisering får store konsekvensar for drift, men ikkje motsatt.

Styringsmodell for digitalise-

Arbeidsgruppa

- Rapporten vart gjennomgått i arbeidsgruppa 21. april utan å kome med ein felles konklusjon eller tilråding.

Referansegruppa

- På sikt, bør alle ha likt system og at desse ”snakkar saman”.
- HVO/HTV stør rapporten, og ser det som teneleg at alle kommunane tiltrer i samarbeidet på sikt. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

Møte 2. mai 2017 peiker på at sak til kommunane bør delast i to delar; drift og digitalisering.

Drift:

- Vinje-Tokke-Kviteseid, kjem til å etablere eit felles selskap på drift.
- 3kom skal på anbod i 2018.

Digitalisering:

- Alle er enige om at det må være ei felles satsing på digitalisering, og minimum eit felles digitaliseringsstyre i VT.
- Arbeidsgruppa for IKT-satsinga får mandat til å jobbe fram eit forprosjekt for oppretting av eit slikt felles samarbeid i Vest-Telemark.

Lokalisering

Lokalisering dreiar seg om arbeidsplassar, arbeidsmiljø, leing og rett avstand til oppgåvene som skal løysast. I rapporten står det:

”Kompetanse, innsikt og erfaring er viktig, men kompetansemiljø er avgjerande.”

Lokaliseringsspørsmålet knytt til etableringa av felles IKT-drift i Tokke, Vinje og Kviteseid.

Mannskap og organisering i dag

Dagens mannskap i V.T.K. er totalt 7,1 årsverk i dag, fordelt slik:

- **Vinje:** 1 årsverk IKT-Leiar med fagleg ansvar for IKT Lag-1 organisert under einingsleiar. 2,5 årsverk IKT-Rådgjevarar.
- **Tokke:** 1 årsverk IKT-Leiar som har fagleg og personalansvar for IKT og i tillegg personalansvar for arkiv og resepsjon/kundemottak. Organisert direkte under rådmann. 1 årsverk IKT-konsulent.
- **Kviteseid:** 1 årsverk IKT-sjef organisert under økonomisjef med fagleg ansvar. 0,6 årsverk IKT-konsulent og 1 årsverk på engasjement p.t.

Planlagt bemanning med ny løysing

Dei tilsette er tilrådd skal vera fysisk tilstades i kvar kommune, men vera tilslutta eit samla miljø; ei felles eining "VT IKT Drift".

Ny løysing (VT IKT Drift) er tenkt etablera med dagens ressursar men dette må sjåast opp mot tenestekatalog og ansvarsområde. Ei bemanning på sju personar vil medføre begrensa mogelegheit for å bygge miljø og tilby ekstra tenester, eksempelvis vakt eller å drifte applikasjonar for alle seks kommunane. *Tri kommunar er betre enn ingen samarbeid, men det er ein kritisk liten storleik.*

Også for IKT og Drift er det slik at oppgåvene avdelinga får må stå i høve til kva dei tilsette er i stand til å levera, i den kvaliteten som er forventa. Styringa og leiinga for ei slik eining må tilretteleggje for at dei tilsette kan nå måla og forventningane, samstundes som styringsmodellen for digitaliseringa må ta høgde for modernisering, som også innfattar optimalisering og effektivisering.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Vinje, Tokke eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§ 27 hovudkontorkommune eller §28-1b
Arbeidsplassar:	7,1 årsverk med desentralisert med felles leiing
Fagområde:	IKT drift.

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Lokalisering av felles IKT drift for Kviteseid, Tokke og Vinje bør leggest til Tokke kommune.

Rådmannsutvalet får fullmakt til å legge fram forslag til organisering av etablering av digitaliseringsstyre. Dette kan finansierast av Skjønnsmidlar i 2018, organisert gjennom VTR.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

Lokalisering vart ein einige om på møtet i Rauland (lokaliseringsutvalet), og det skulle vere Tokke. Dei tilsette var ikkje klar over dette og ytra i eit møte i Vinje, ynskje om å lokalisere dette i Vinje. Etter deira møte er det oppretta dialog og ein skal no ha møte om vidare arbeid og også diskutere plassering.

Kommentar frå HTV og HVO i prosjektet

I epost frå og hovudtillitsvald (HTV) og Hovudverneombod (HVO) 29. august kom det kommentar til lokaliseringsutvalet særleg knytt til IKT. Kommentaren er gjengjeven under:

Ved rørande møte i lokalisering utvalet si tilråding i møte 23 mai 2017.

I etterkant av møte som var Rauland på Tuftin, har det kome for dagen moment som var ukjent for HTV og HVO. Alle tilsette i IKT i Vinje Tokke, og Kviteseid som har vore involverte på ein eller annan måte, har vore einige om at Vinje skulle vera lokaliseringsplass for IKT.

Sjølvsagt må HTV og HVO stø opp om dei tilsette sine meiningar, det er noko av vår jobb. Kvifor dette ikkje er fanga opp og lagt fram i arbeidet til arbeidsgruppa for IKT, kan vitne om at prosessen ikkje har vore god nok. Me og må taka sjølvkritikk på det, etter retninga har ikkje vore god nok og er såleis ein lærepenge.

IKT lokalisering tilråding: HTV og HVO støttar dei tilsette om lokalisering av IKT til Vinje.

Tiltak 2 – Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på økonomi, løn, skatt og rekneskap som eit mogleg samarbeidsområde. Mandatet til arbeidsgruppa er:

Ein skal utgreie fordeler og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Ein bør sjå til arbeidet med tema "økonomi" frå kommunereforma.
- Minikonkurransen gjennomførast
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Telemarksforsking har laga rapporten, og arbeidet er leia av Kjetil Lie. Han har hatt med seg Audun Thorstensen og Sondre Groven.

Rapporten peiker mellom anna på fylgjande:

- Gevinstrealisering ved auka samarbeid vil truleg først og fremst liggje i å vera mindre sårbare ved å få større fagmiljø, og dessutan få ei betre utnytting av dei samla ressursane i form av meir rasjonell utføring av arbeidsoppgåver.
- «Dersom ein ikkje gjer noko form for standardisering, vil dei eventuelle fordelane ved å samarbeide bli minimale. Ved å inngå eit samarbeid, der kvar kommune held på sine rutinar/arbeidsmåtar, vil rasjonalisering/økonomisk effekt bli nær 0 og ein vil dessutan sterkt redusere fordelane som måtte ligge i å redusere sårbarheten.»
- Ein ser føre seg at det vert sett ned ei eiga arbeidsgruppe som førebur overgangen til «samkøyringa» på ein best mogleg måte, dvs. syter for å få til så ein-sarta rutinar og praksis som råd mellom kommunane før samarbeidsløysinga trer i kraft.
- Det er ikkje grunnlag eller stemning for nokon slik samarbeidsmodell for økonomistyringsfunksjonar, dvs. på økonomisjef-nivå.
- Svært mange av dei tilsette innan økonomifunksjonane har ulike "kombinasjonsstillingar".

- Ved ei vertskommuneløysing der den enkelte tilsette får eit tilsettingsforhold i vertskommunen i aktuell stillingsbrøk, er det opplagt at det er leiar av samarbeidskonstellasjonen – og dermed til sjuande og sist rådmannen i vertskommunen, som er overordna.
- Ved overgang til ein samarbeidskonstellasjon må løns- og arbeidsvilkår for dei som inngår i samarbeidet "samkøyrast", i alle fall så lenge det leggst opp til tilsettingsforhold i vertskommunen.
- Dersom ressursinnsatsen på eit område det skal samarbeidast om er svært ulik mellom kommunane før etablering, må det handterast før samarbeidet blir etablert. Dette med tanke på å kunne fastsette ein mest mogleg treffsikker fordelingsnøkkel mellom kommunane i samarbeidet, der refusjon vert å innbetale til vertskommunen.
- Fyresdal blir peika på som aktuell kommune for vertskommunemodellen på skatt/innkrevjing.
- Nissedal vurderast som den mest aktuelle kommunen for vertskommunemodellen både på løn og rekneskap (inkl. fakturering).

Arbeidsgruppa

Alle i gruppa sluttar seg til å samarbeide om skatt og innkreving. Ein bør ikkje innstille på vertskommune, men la dette være åpent til diskusjon i lokaliseringutvalet.

- Nissedal: Ynskjer ikkje samarbeid på rekneskap.
- Fyresdal og Tokke: Vil vurdere å tiltre eit samarbeid på løn og rekneskap ved trong (utskifting av personell).
- Kviteseid: Ynskjer å inngå samarbeid på alle områda.
- Seljord: Er positiv til vertskommune på løn, ikkje rekneskap.
- Alle fem ynskjer å inngå ei forpliktande samarbeidsavtale på alle fagområda innan økonomi.

Gruppa ser at overgangen frå dagens situasjon til å samle arbeidsoppgåver frå alle fem kommunane med det fyrste, kan føre til sårbarhet. Ein bør ha ein overgang frå dagens organisering til to eller tre kommunar, før alle kommunane skal inngå i samarbeidet. Standardisering mellom kommunane må ligge til grunn for å lukkast med eit meir omfattande samarbeid.

Referansegruppa

- Dei tilsette melder at ein ser seg tent med meir forpliktande samarbeid ved sjukdom, opplæring av nye m.m.
- HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

- Styringsgruppa stør arbeidsgruppas innstilling på skatt og innkrevjing.
- Styringsgruppa for dei fem deltakande kommunane ynskjer også eit samarbeid på løn.

Lokalisering

Det er forskjellige modellar for samarbeid på økonomi, der den mest ytterleggående av dei er å samle alle funksjonar i ei organisering og samlokalisere alle stillingar etter såkalla samlokaliseringsmodell. Denne modellen inneber derfor samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark.

Tilsvarande samarbeid i andre kommunar er organisert som vertskommunesamarbeid etter § 28 i kommunelova. Dette er ein modell med felles organisering med ein **felles leiar, men kor ein har medarbeidarar lokalisert i kvar av kommunane.**

Dagens tilsette er fordelt slik:

- Seljord: 6
- Kviteseid: 5
- Nissedal: 6
- Fyresdal: 4
- Tokke: 4

Planlagt bemanning med ny løysing

Gevinstrealisering ved auka samarbeid vil truleg først og fremst liggje i å vera mindre sårbar ved å få større fagmiljø, og dessutan få ei betre utnytting av dei samla ressursane i form av meir rasjonell utføring av arbeidsoppgåver.

Områda ein ser gevinst med nytt forpliktande samarbeid:

- Samarbeid på skatt
- Samarbeid på løn
- Samarbeid på rekneskap

Kvart fagområde får ein felles leiar, men med medarbeidarar lokalisert i kvar kommune.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	25 ulike "kombinasjonsstillingar"
Fagområde:	Skatt/innkrevjing og løn. Rapporten tilrår også felles teneste på rekneskap.

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Nissedal, Kviteseid og Fyresdal vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid på alle område.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

Etter møte i Lokaliseringsutvalet 23. mai, var det møte mellom ordførerne og rådmennene i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid der dei forhandla fram forslag til vidare samarbeid knytt til tenester på økonomi, løn, skatt og rekneskap. Forslaget til avtale med fordeling av arbeidsoppgåver var slik: Kviteseid skal ha landbruk, Nissedal skal ha plan, oppmåling og byggesak og Fyresdal skal ha økonomi.

15. juni 2017 var dette sak i Fyresdal kommune der dei gjorde fylgjande vedtak: Fyresdal Arbeiderparti ynskjer ikkje at ein skal gå vidare med planer om interkommunalt samarbeid med Kviteseid og Nissedal basera på framforhandla avtale. Grunngevinga for dette er at publikumsretta tenester blir flytta vekk frå der kor folk bur og at det sterke fagmiljøet vi er i ferd med å bygge opp i næringshagen vil bli svekka. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette framlegget.

16. juni 2017 var det sak i Rådmannsutvalet knytt til mogleg etablering av nytt felles innkjøpssamarbeid med Midt-Telemark. Her vart rådmennene samde i at Jan Myrekrok (rådmann i Vinje kommune), fygjer opp kontakten med Midt-Telemark som gjev grunnlag til sak til kommunane i Vest-Telemark.

Tiltak 3 - Landbruk – utmark – jord – skog - miljø

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på landbruk – utmark – jord – skog - miljø som eit mogleg samarbeidsområde. Ein skal utgreie fordelar og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Vurdere tidlegare arbeid innafor dette området som grunnlag.
- Minikonkurrans på ekstern utgreiing
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

Rapporten

Det er tre ulike interkommunale samarbeidsmodellar som har vore lagt til grunn for utgreiingsarbeidet:

- Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark
- Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune
- Effektar og krav til den enkelte kommunen med meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

I tillegg til dei skisserte alternativa har ein også sett på fordelar og ulemper med å vidareføre dagens organisering (0-alternativet).

Samlokalisering kjem best ut

Av dei tre aktuelle samarbeidsmodellane er konklusjonen at samlokaliseringsmodellen kjem best ut. Det er denne modellen som i størst grad bidreg til å styrke fagmiljøa og bygge eit sterkt landbrukskontor i regionen. Eit samlokalisert kontor vil gi høve til spesialisering og fordeling av oppgåver mellom dei tilsette, noko som gjev grunnlag for betre og meir effektive tenester.

Arbeidsgruppa

Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing, der ein beheld dei landbrukskontora ein har i dag. Dette inneber tettare samarbeid om ei rekkje oppgåver som t.d. kompetanseutvikling, fellesthøyningar, samarbeid knytt til handsaming av lovsaker og

samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Ein legg til grunn at ei slik løysing inneber auka krav til koordinering og at det må settast av kapasitet til dette.

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppa sine innstillingar til rapporten. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

- Fyresdal ynskjer å gå vidare på samarbeid med Kviteseid og Nissedal.
- Vinje, Tokke og Seljord ynskjer å gå vidare med arbeidsgruppa sine innstillingar.

Lokalisering

Det er ulik haldning i arbeidsgruppa for oppretting av eit felles landbrukskontor i Vest-Telemark. Flytting av arbeidsstad og avstand til brukarane er noko av argumenta. Ein peikar også på at dei tilsette er ein del av fagmiljø som samarbeider med andre fagområde, i fyrste rekkje plan og næring. I styringsgruppa seier Fyresdal at dei vil inn i eit formellt samarbeid, og vil gå vidare med dette med Kviteseid og Nissedal.

Mannskap og organisering i dag

	Anslag stillingsprosent					Stil- lings pro- sent total	Tal på stil- lingar totalt
	Jord	Skog	Ut- marks- forvalt- ning	Land- bruksrela- tert miljø og klima- arbeid	Drift av kommunale jordbruks og skog ei- dedomar		
Vinje	100	50	25		25	200	2
Tokke	40	30	20	5	5	100	1
Fyres- dal	90	60	30		10	190	2
Kvites- eid / Nisse- dal	100	100	20	40		260	3
Seljord	40	40	50	50		180	2
SUM						930	10

Telemarksforsking tilrår samlokaliseringsmodellen

Modell som er tilrådd frå Telemarksforsking er å samle alle tilsette etter såkalla samlokaliseringsmodell. Denne modellen inneber derfor samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark.

Tilsvarande samarbeid i andre kommunar er organisert som vertkommunesamarbeid etter kommunelovas § 28. Det er berre samarbeid etter denne lova som gjev høve til å delegere mynde til ein annan kommune, og dette er såleis den einaste aktuelle organisasjonsforma for felles kontor med felles leiar.

Det er fleire som er opptatt av at eit eventuelt felles kontor ikkje blir lokalisert på ein stad for seg sjølv, men i eit miljø der ein er saman med andre som arbeider med tilgrensande fagområde. Dette kan ytterlegare forsterke dei positive effektane av eit landbrukssamarbeid.

Oppsummert:

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	10 stillingar fordelt på 9,3 årsverk
Fagområde:	Jord, skog, utmark, miljø og klima, kommunal jord og skog

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

(Fyresdal) Nissedal og Kviteseid vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid.

Tiltak 4 - Næring - reiseliv

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på næring og reiseliv som eit mogleg samarbeidsområde. Ein skal utgreie fordeler og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Ein må legge til grunn pågåande prosess knytt til reiselivsorganiseringa i Telemark. Ein bør knytte til seg ekstern referansegruppe.
- Minikonkurrans gjennomførast
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Dagens modell, men med meire spissa og formalisert samarbeid med klarare rolledeling (skildra på side 41 og 42 i rapporten frå EY).

Grunngjeving er at ein slik legg til rette for å bli «suksessrike distriktskommunar».

Endringsforslaget

Basert på innspel frå kommunane, næringslivet og andre aktørar, resultat frå forskning og egne vurderingar tilrår EY ikkje å utvide noko formelt samarbeid mellom kommunane innanfor næring- og reiselivsområda. Det bør likevel gjerast ei rekke andre endringar og avklaringar som vil møte innspel og betre legge til rette for nærings- og reiselivsutvikling i regionen. Endringsforslaget inneber ikkje at kommunane skal bruke meir ressurser til næringsutvikling og reiseliv, men inneber ei mindre omprioritering av bruken av midlane som allereie nyttast til nærings/reiselivsutvikling. Hensikten er å få betre resultat ved å oppretthalde dagens ressursbruk.

Arbeidsgruppa

Gruppa ser at rapporten frå EY er grundig og dekkande, og stør tilrådinga frå konsulenten som er "Alternativ 1": Dagens modell, men meir spissa og med meir formalisert samarbeid. (side 41 i rapporten).

Hovudgrunngjeving er at denne modellen legg best til rette for å bli "suksessrike distriktskommunar".

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppa's innstilling til rapporten.

Styringsgruppa

Styringsgruppa stør innstillinga frå arbeidsgruppa.

Lokalisering

- Kommunane held fram med sakshandsamingsoppgåver knytt til bruk av næringsfond, tildelingar o.l.
- Næringssejfar/næringskonsulentar er tilsett i kommunane. Sakshandsamingsoppgåver og «diverseoppgåver» vert utført av andre kommunale ressursar. Næringsapparatet i kommunane arbeider meir systematisk og samla for å dekke spesifikke kompetanseområde for heile regionen.
- Vest-Telemark Næringsutvikling bør minimum endre namn for å redusere forvirring rundt selskapets rolle i næringsutvikling. Det bør vurderast om VTNs og VTNUs oppgåver kan ligge i same selskap (VTN).
- Danne eit utviklingsforum der kommunane og næringslivet diskuterer utviklingsmoglegheit for regionen. Deltakarar: nærings- og reiseliv, næringslag, destinasjonsselskap, næringshagane, etablerertenesten og kommunane, evt Innovasjon Norge og Telemark fylkeskommune.
- Det etablerast faste møteplassar for både nærings- og reiselivet i den enkelte kommune.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	Ingen tilråding.
Arbeidsplassar:	?
Fagområde:	Opprette ein felles ressurs i Vest-Telemark* med spesifikk kompetanse knytt til tilskotmoglegheit, støtteordningar, søknadsbistand, tilbodskonkurransar til det offentlege osv.

* Vinje kommune bør inviteres til å delta på like premisser som de øvrige Vest-Telemarkkommunene

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. mai 2017:

Ein stør opp om innstillinga frå arbeidsgruppa. Vest-Telemarkrådet gjev ein oppmøding til styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS om å ta opp organiseringa av Vest-Telemark Næringsutvikling AS i tråd med tilrådinga i rapporten frå EY.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

1. juni 2017 sendte styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS ut brev der dei ber om dialog om kva rolle kommunane ynskjer VTNU (Vest-Telemark Næringsutvikling AS) og VTN skal ha framover. Det vart mellom anna vist til innhaldet i rapporten frå EY.

13. juni 2017 hadde Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) ordinær generalforsamling, der eigarane av VTN gav styret anmodning om å tilrettelegge for ein fusjon mellom VTNU og VTN gjeldande frå 31.12.2017.

22. august 2017 var styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) på rådsmøtet og la fram korleis ein ser for seg drift og aktivitet i VTN etter ein eventuell fusjon. I møtet gav Vest-Telemarkrådet følgjande signal til styret:

- *Vest-Telemark Næringsutvikling vert fusjonert inn i Vest-Telemark Næringsbygg.*
- *Vest-Telemark Næringsbygg skal vera regionalt investeringselskap med prioritet på næringshagar, nye næringsbygg, bustadutvikling og forvaltning av bygg.*
- *Næringsutviklinga skal skje gjennom det etablerte samarbeidet i Vest-Telemarkrådet og i samarbeid med dei næringsansvarlege i kommunane.*

Tiltak 5 - Kompetansebygging på kraftsaker

Bakgrunn

Det er trong for å vedlikehalde og bygge opp kompetanse innfor kraftsaker i dei 6 kommunane. Det kan være aktuelt å involvere Hjartdal og Tinn i arbeidet. Tiltaket har ein litt annan karakter enn dei andre tiltaka, sidan dette gjeld oppbygging av kompetanse og ikkje oppretting av ny samarbeidsordning.

Grunngjevinga for tiltaket ligg mellom anna i det økonomiske omfanget av kraftinntektene og kva dette betyr for kommunane. Vidare skal tiltaket også bidra til å spre viktig kunnskap på fleire hender og dermed redusert sårbarhet ved ”generasjonskifte” og moglege ”politiske krumspring” i høve til regelverk/beskatning gjeldande konsesjonskraft.

Konkretisering av arbeidet

I drøftingane mellom kommunane er det klårgjort at ein i utgangspunktet ikkje ynskjer å etablere eit nytt selskap for dette. Ein vil sjå nærare på korleis kommunane kan styrkje eigen kompetanse og etablere rutiner for aktivt samarbeid innanfor dette området slik:

- Kartlegge status i kommunane mtp kompetanse, vidareutvikling av denne samt beredskap på området
- Fastsette samarbeidsform
- Gjennomføre fagleg deling
- Utforme rapport

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Konklusjon på s 7-8 i rapporten seier:

1. Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge vidare på og utvikle etter som marknaden krev det. Det bør gjerast ei nærare vurdering av om konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane bør reforhandlast med tanke på å sikre ordninga ved ein evt. regionreform.
2. Kontroll av eigedomsskattegrunnlag frå SFS krev ein del kompetanse som kvar kommune bør ha sjølv. Om kommunen manglar slik kompetanse kan ein velje å kjøpe denne tenesta der kompetanse/kapasitet er å finne.
3. Med omsyn til taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft bør kommunane halde fram med å samarbeide om å kjøpe taksatortenestar, og sjølve ha

god kompetanse på kva for takseringsprinsipp som skal nyttast og kunne formulere gode grunngjevingar for takstane. Arbeid med ny taksering for skatteåret 2018 bør starte opp så snart som råd i regi av økonomisjefsnettverket.

4. Gjennomføring av vilkårsrevisjonar og vassforvaltningsarbeid. Kommunar kan kjøpe inn kompetanse om ein finn det tenleg, men må også ha ein saksansvarleg i kommunen som fylgjer opp.
5. Konesjonshandsaming av ny kraft – her gjeld det same som for vilkårsrevisjonar.
6. Det bør gjennomførast ei nærare utgreiing/forstudie av spørsmålet om å bygge opp eit kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til FAUN Naturforvaltning i Fyresdal.

Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa stør konklusjonen i rapporten.

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Styringsgruppa

Vest-Telemark kan bygge opp konsesjonskraftkompetanse for heile Telemark, og tida er inne for å konkretisere dette ved å bygge på rapporten.

Ein ser for seg at alle kommunane i Vest-Telemark (Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje) arbeider vidare for å konkretisere eit slik samarbeid – og ein tek gjerne med Tinn og Hjartdal. Det ligg føre forslag om å konkretisere eit forprosjekt der rådmann i Tokke vert peika på som prosjektansvarleg (PA).

Lokalisering

Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge på og utvikle vidare.

Oppsummert:

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	Førebuast i eige forprosjekt, rådmann i Tokke er PA
Arbeidsplassar:	?
Fagområde:	Kompetansemiljø på kraftsaker

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Rådmann i Tokke kommune, Jon Kleiv er peika ut som PA for å gjennomføre eit forprosjekt, og driv prosessen vidare. Han inviterer til møte etter sommerferien.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

10. august 2017

Prosjektansvarleg (PA) John Kleiv (rådmann i Tokke kommune) melder at arbeidet med å etablere eit samarbeid har utvikla seg til å kunne omfatte Tinn, Hjartdal og Odda i tillegg til Vest-Telemarkkommunane. Det vert jobba med kompetansekartlegging i kommunane, og det er planlagt møte medio september.

Involvering, informasjon og kvalitetssikring

Involvering

Involvering er ein kritisk suksessfaktor i arbeidet. Dette gjeld både på politisk nivå og mellom dei tilsette i kommunane. Ein har derfor fastsett ei prosjektorganisering med *lokaliseringsutval* og *referansegruppe* der tillitsvalde og hovudverneombod er representert i begge. PA og PL har dialog med referansegruppa og lokaliseringsutvalet i prosessen.

Lokaliseringsutvalet er samansett av ordførarane og rådmennene i kommunane samt ein representant frå HVO og ein frå HTV. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.

Referansegruppa består av representantar for hovudverneomboda og frå dei hovudtillitsvalde i alle 6 kommunane.

Det er viktig at dei involverte i tidlegare arbeid knytt til kommunereformen kjenner seg att i løysingane, og ser dette som ei oppfylging av ein politisk og demokratisk prosess.

Involvering av tilsette

Tilsette og andre involverte er kontakta i gjennom arbeidet i arbeidsgruppene, og meldinga frå møtet med HTV og HVO 27. april 2017 konkluderer slik:

Vernetenesta og tillitsvalde ser på viktigheten av involvering i prosessen. Involvering og prosessen har vore ryddig.

Videre peiker dei på fylgjande:

Det er viktig for dei tillitsvalde at dei er med i prosessen fram til beslutning om organisering blir tatt, og vidare i prosessen når samarbeida er slutta.

Vi ser likevel at nokon tilsette som er direkte ramma av aktuelle endringar har ynskt ein endå betre informasjonsflyt og involvering.

Informasjon

Informasjon om arbeidet i prosjektet er lagt ut på nettsida til Vest-Telemarkrådet www.vt-radet.no og delt med dei involverte i prosjektorganiseringa. Det har også vore pressedekning om saka i VTB, og informasjon om status og framdrift er gitt i Vest-Telemarkrådet og Vest-Telemarktinget.

Kvalitetssikring

Prosjektleiari har eit overordna ansvar for kvalitetssikring, og prosjektansvarleg og styringsgruppa er involvert i vurderingar knytt til dette arbeidet.

Eksisterende samarbeid og selskap

Oversyn - interkommunale samarbeid der Vest-Telemarkkommunane er med:

Namn på samarbeid	Kommunar i Vest-Telemark som deltek	Organisasjonsform	Føremål	Lokalisering
Vest-Telemarkrådet	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	§27 samarbeid	Regionråd for kommunane i Vest-Telemark	Kviteseid
Telemark kommunerevisjon IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kommunal revisorteneste for alle kommunane i Telemark, Larvik og Lardal kommune, samt Telemark fylkeskommune	
Agder og Telemark Kontrollutvalgssekretariat IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kontrollutvalgssekretariat for alle kommunane i Telemark og Agder, samt fylkeskommunane	
Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll	Seljord, Vinje og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Oppgåva vår er å kontrollere om arbeidsgjevarane i desse kommunane gjennomfører forskotstrekk og reknar ut arbeidsgjevaravgift i samsvar med regelverket i skattebetalings- og folketrygdlova. Med jamne mellomrom gjennomfører vi kontroll av rekneskap og bilag hos næringsdrivande.	Bø
IKT-samarbeid	Vinje og Tokke	Vertskommunesamarbeid - Vinje	Felles drift av serverar og programvare	Vinje


BTV Innkjøp	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles støttefunksjon for eHandel i kommunane. Eigest av fylkeskommunane.	
Skatt Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av tenester		Kviteseid
Løn Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av tenester		Nissedal
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles arkiv for kommunar i Vestfold, Telemark og Buskerud, samt fylkeskommunane	Kongsberg
Legevaktsarbeid 1	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld, natt og helg	Vinje
Legevaktsarbeid 2	Seljord og Kviteseid	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på natt	Notodden
Legevaktsarbeid 3	Seljord og Kviteseid	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld og helg	Seljord
Legevaktsarbeid 4	Nissedal og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld, natt og helg	Arendal
Samarbeid om akutt hjelp 1	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Samarbeid om akutt hjelpsenger	Vinje
Samarbeid om akutt hjelp 2	Nissedal og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Samarbeid om akutthjelpsenger	Arendal
Samarbeid om akutt hjelp 3	Seljord og Kviteseid	Kjøp av tenester	Gjensidig avtale om kjøp av akutt hjelp-plass ved behov	
Jordmorberedskap i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Døgnberedskap på DPS i Seljord	Seljord

Samhandlingskoordinator	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles samhandlingskoordinator i Vest-Telemark.	Vinje
Gjeldsrådgjeving i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles gjeldsrådgjevar i Vest-Telemark.	Seljord
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste (PPT) IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles PP-teneste i Vest-Telemark	Kviteseid
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Barnevernteneste	Kviteseid
Alarmsentralen 110	Alle 18 kommunane i Telemark	Vertskommunesamarbeid	Betener mottak av meldingar om brann og ulukker frå innbyggjarane i Telemark (flyttast til Tønsberg)	Skien
Vest-Telemark brannvesen IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles brannsjef og førebyggjande brannvern	Tokke
Renovest IKS	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Avfallsselskap	Kviteseid
Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS	Nissedal	Interkommunalt selskap	Avfallsselskap	Nissedal
Krisesenteret i Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Krisesentertilbod som omfattar kommunane i Telemark	Skien
Interkommunalt plankontor for Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av teneste	Plankontor og byggesaksbehandling	Nissedal
Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av teneste	Felles landbrukskontor	Kviteseid
Kvito AS	Vinje, Tokke, Kviteseid og Nissedal	Aksjeselskap	Attføringsbedrift	Vinje

Seljord personal AS	Seljord	Aksjeselskap	Attføringsbedrift eigd 100 prosent av Seljord kommune	Seljord
Telemarks Lys AS	Fyresdal	Aksjeselskap	Attføringsbedrift eigd 100 prosent av Fyresdal kommune	Fyresdal
Skien Dalen Skipsselskap AS	Kviteseid og Tokke		Drift av kanalbåten Victoria	Skien
Telemarkskanalen regionalpark	Kviteseid og Tokke	Vertskommunesamarbeid - Telemark fylkeskommune	Føremålet er å auke attraktiviteten til Telemarkskanalen som reise- og bustad. Samarbeid mellom dei seks karnalkommunane, Telemark fylkeskommune og Telemarkskanalen FKF	Skien
Vest-Telemark kraftlag AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Kraftselskap	Tokke
Vest-Telemark næringsbygg AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Eigedomsselskap for øvre Telemark. Hjartdal og Drangedal deltar òg.	Kviteseid
Telemark bilruter AS	Vinje, Fyresdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal og Tokke	Aksjeselskap	Busselskap	Seljord
Vest-Telemark blad AS	Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Lokalavis	Kviteseid
VisitTelemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Felles reiselivsselskap i Telemark	Skien
E134 Haukelivegen AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Interesseorganisasjon for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23	Vinje

Matrisa er frå rapporten "Kommunestruktur i Vest-Telemark", skriven av Telemarksforskning datert 04.01.2016.

Rapportane




IKT

Skriven av: TDAK, Torbjørn Dybdahl

Antal sider: 57

Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/1_IKT_02.05.2017.pdf




Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp

Skriven av: Telemarkforskning, Kjetil Lie, Sondre Groven og Audun Thorstensen

Antal sider: 27

Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/2_Økonomi_02.05.2017.pdf




Landbruk

Skriven av: Telemarkforskning, Bent Aslak Brandtzæg og Audun Thorstensen

Antal sider: 61

Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/3_landbruk_02.05.2017.pdf




Næring - Reiseliv

Skriven av: Ernst & Young, Trine Riis Groven

Antal sider: 43

Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/4_naering_02.05.2017.pdf



Kompetansebygging på kraftsaker

Skriven av: Olav Bjørn Bakken

Antal sider: 8

Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/5_kraft_02.05.2017.pdf